



KVINNHERAD  
K O M M U N E



# PLAN FOR PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ

Kvinnherad kommune sine barnehagar

# Innhold

---

Innleiring.....	3
Hovudmål for sektoren .....	3
Lovverk, rammeplan og Kvinnherad kommune sine overordna planar .....	4
Systematisk og heilskapleg arbeid .....	6
Føremålet med planen.....	7
Fremjande arbeid for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.....	8
§ 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid - for å fremja eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. ....	9
§ 42 Aktivitetsplikt for alle tilsette (plikt til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø) .....	9
Utøvande tiltak/handlingsplanar for å stoppa og snu negative handlingar og miljø .....	10
§ 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn .....	11
Oppsummering: .....	12
Felles materiale og dokument for Kvinnherad kommune sine barnehagar.....	13
Malar:.....	14
Ressursside:.....	21

# Innleiing

---

Plan for psykososialt barnehagemiljø er eit verktøy for kommunale barnehagar i arbeidet med å førebygga, hindra og stoppa krenkande ord og handlingar mot barnehagebarn.

Planen viser korleis barnehagane arbeider med det psykososiale miljøet i barnehagen, og korleis dei tilsette styrkar arbeidet mot mobbing, utesettning, plaging, vold, diskriminering og krenkande ord og handlingar.

Det er det einskilde barnet si subjektive oppleving av å bli krenka, utesettet, plaga, mobba, diskriminert, trakassert, som er utgangspunkt for barnehagen si handtering av kvar einskild sak. Kvar einskild sak skal undersøkjast, handterast, og tiltak skal setjast i verk og evaluerast – slik at barnet opplever eit trygt, inkluderande og godt barnehagemiljø. Det skal ikkje vera ein høg terskel for kva som blir sett på som krenkingar som barn kan utsetjast for, og for kva barnehagen ikkje kan godta.

1.januar 2021 fekk barnehagane eit nytt regelverk for barnehagemiljø. Den nye barnehagelova skal sikra at alle barn får ein trygg og god barnehagekvardag. Barnehagelova stiller klare forventningar til alle tilsette i barnehagen sine plikter for å skapa eit godt fysisk og psykososialt barnehagemiljø.

I omgrepet psykososialt barnehagemiljø ligg dei mellommenneskelege tilhøva ved barnehagen, det sosiale miljøet og korleis barna og dei tilsette opplever dette. Det er alltid dei vaksne sitt ansvar for å bygga gode mellommenneskelege relasjonar til kvar enkelt barn, og legga tilhøva til rette for at barna bygger gode relasjonar seg imellom. Gode relasjonar og samhandling mellom vaksne-barn og barn-barn er avgjerande for barn sin trivsel og utvikling. Det psykososiale miljøet skal ha ein positiv verknad på alle barn si helse, livsmestring, tryggleik, leik og læring.

Barnehagen skal jobba for å førebygga krenkingar som mobbing, plaging, utesettning, diskriminering, trakassering, vold, og jobba for å skape eit miljø der alle barn trivst. Alle som jobbar i barnehagen må hjelpe barn til å ta vare på kvarandre, og skape eit godt og inkluderande barnehagemiljø. Dei tilsette må ha god kunnskap og kjennskap til alle barn, og legga særleg vekt på å ha ein inkluderande praksis for dei sårbare barna. Dette krev at dei tilsette har kunnskap om kven dei sårbare barna er, og at dei set inn tiltak som styrkar dei sårbare barna.

## Hovudmål for sektoren

*Alle barn har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø.*



# Lovverk, rammeplan og Kvinnherad kommune sine overordna planar

---

Som grunnlag for planen ligg:

## **Barnehagelova kapittel I**

### **§ 1 Formål**

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.*

### **§ 2 Barnehagens innhold**

#### **2.ledd og 6.ledd**

*Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.*

*Barnehagen skal ha en helsefremmede og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller*

### **§ 3 Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste – 1.ledd og 4. ledd**

*Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet og i saker som gjelder dem selv.*

*I alle handlinger og avgjørelser som gjelder barn i barnehagen, skal hva som er best for barnet, være et grunnleggende hensyn.*

### **§ 9 Internkontroll i barnehagen**

*Barnehageeier skal ha internkontroll for å sikre at kravene i barnehageloven med forskrifter følges.*

*Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.*

*Ved internkontroll etter denne paragrafen skal barnehageeier*

- a) Utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering.
- b) Ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) Avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) Dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) Evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

## **Barnehagelova kapittel VIII**

**§ 41 Nulltoleranse og forebyggende arbeid, § 42 Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, § 43 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn**

- Blir omtala seinare i planen.

## **FN sin barnekonvensjon om barn sine rettar**

### **Rammeplanen**

seier at barnehagen skal fremja vennskap og fellesskap, og at personalet skal førebygga, stoppa og følga opp diskriminering, utesenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster.

### **Barnehagen skal fremme vennskap og fellesskap**

*Sosial kompetanse er en forutsetning for å fungere godt sammen med andre og omfatter ferdigheter, kunnskaper og holdninger som utvikles gjennom sosialt samspill. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å være betydningsfulle for fellesskapet og å være i positivt samspill med barn og voksne. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barnas selvfølelse skal støttes, samtidig som de skal få hjelp til å mestre balansen mellom å ivareta egne behov og det å ta hensyn til andres behov.*

*Personalet skal*

- *støtte barnas initiativ til samspill og bidra til at alle kan få leke med andre, oppleve vennskap og lære å beholde venner*
- *samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap*
- *støtte barna i å ta andres perspektiv, se en sak fra flere synsvinkler og reflektere over egne og andres følelser, opplevelser og meninger*
- *støtte barna i å sette egne grenser, respektere andres grenser og finne løsninger i konfliktsituasjoner*
- *forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utesenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillsmønstre.*

### **Kvinnherad kommune sin plan for kvalitet har dette som sektormål:**

- alle har eit godt og inkluderande leike- og læringsmiljø
- barn som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
- dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- alle har tilgang til relevante tilbod av høg kvalitet



# Systematisk og heilskapleg arbeid

Det er styrar ved kvar barnehage som har ansvaret for det blir arbeidd kontinuerleg og systematisk med det psykososiale barnehagemiljøet. Barnehagen skal ha plan for arbeidet. Planen skal byggja på overordna nasjonale og kommunale målsetjingar. Planen skal visa barnehagen sine mål for arbeidet, og korleis det vert arbeidd lokalt for å fremja og førebygga gode barnehagemiljø. Planen skal visa korleis aktivitetsplikta vert praktisert, og korleis barnehagen handterer til døme krenkingar, utesettning, plaging, mobbing.

For å sikra god forankring, forståing og samsvar mellom plan og praksis, er det avgjerande at heile personalet i kvar barnehage er med i prosessen med å utarbeida felles forståing av til døme omgrepene krenking, plaging, utesettning, vold, diskriminering, mm. Felles haldningar, rutinar, retningslinjer, og felles kvalitetkjenneteikn på god praksis(« beste-praksis») er også ein suksessfaktor. Felles ståstad er ein styrke når ein skal vurdere barnehagen sine resultat og praksis for vidare utviklings- og betringsarbeid i profesjonsfellesskapet. Styrar har også ansvar for å informere nytt personale og vikarar om lovverket og korleis barnehagen handterer lovverket.

## Kvinnherad kommune sine barnehagar skal

- basere arbeidet sitt på nasjonale- og kommunale føringer og forskningsbasert kunnskap
- ha lokale planar og mål for det psykososiale barnehagemiljøet som fremjar nulltoleranse mot mobbing og systematisk og kontinuerleg arbeid for eit trygt og godt barnehagemiljø, jf. barnehagelova § 41, 42 og 43
- gjennom varm og tydeleg leiing førebyggja, avdekka og handtere krenkande åtferd
- arbeida kontinuerleg og systematisk med strukturar, samansetjingar og mekanismar som fremjar barna sitt barnehagemiljø
- involvere og samarbeide med barna og føresette om det fremjande, førebyggjande- og haldningsskapande arbeidet
- sikra at alle tilsette er kjende med og får opplæring i, og praktiserer barnehagen sine planar, rutinar og forventningar
- følgja opp og kvalitetssikra praksis, for best mogleg felles praksis i møtet med barna
- byggja god felles kapasitet i barnehagen ved å ha fokus på barnehagebasert kvalitetsarbeid, læring og berekraftig utvikling
- informere føersette om barn sine rettar til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

**Barnehagane sine interne planar er ein del av barnehagen sitt internkontrollsysteem, og skal vera tilgjengelege på kommunen sitt kvalitetssystem - Compilo.**



# Føremålet med planen

---

Denne planen er ein del av Kvinnherad kommune sitt internkontrollsysteem jf. kommunelova § 25-1, barnehagelova § 9, og barnehageeigar sitt system for å følgja opp, vurdere og støtta opp, slik at alle barnehagane følgjer opp barnehagelova kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø § 41, 42 og 43, Psykososialt barnehagemiljø;

## **§ 41.Nulltoleranse og forebyggende arbeid**

*Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesetning, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.*

*Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.*

## **§ 42.Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)**

*Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.*

*Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.*

*Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.*

*Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.*

*Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå*

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres.

## **§ 43.Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn**

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestengning, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.*

*Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestengning, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.*

*Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.*

Planen gir eit oversyn over forventa arbeid knytt til barnehagen sitt kontinuerlege og systematiske barnehagemiljøarbeid. Målet med planen er å sikra eit systematisk og heilskapleg arbeid slik at retten til barnet om eit inkluderande, trygt og godt barnehagemiljø vert oppfylt, og at det får ein naturleg del i all planlegging og gjennomføring av aktivitetar i barnehagen.

## Fremjande arbeid for eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Det fremjande arbeidet er universelle rutinar og tiltak som er retta mot alle barn i barnehagen. Arbeidet skal vera kontinuerleg og systematisk. Lik praksis, varme – og tydelege vaksne, vaksne som er gode relasjonsbyggjarar og forventingar frå den vaksne i møte med barna er med på å skapa tryggleik i det sosiale samspelet (den autoritative vaksenstilen).

### Barnehagen skal

- Ha rutinar, system, standard og forventingar som grunnlag i barnehagen si pedagogiske plattform.
- Ha felles verdiar og haldningar å arbeide utifrå.
- Skapa felles forståing av verdiane, og omsetje dei i praksis.
- Leggja til rette for god tilvenning for nye barn, og ha gode overgangsplanar når barn skal byta avdeling.
- Fremja eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik
- Ha ein føreseieleg dagsrytme med aktivitetar som skapar tryggleik, og som støttar barna sin aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.
- Sørga for at alle barn trives, føler seg trygge og føler seg inkludert i barnehagen
- Støtta barna sine initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleva vennskap og læra å halde på venner.
- Samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap.
- Støtta barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevelingar og meningar.
- Støtta barn i å setja eigne grenser, respektere andre sine grenser og finna løysingar i konfliktsituasjonar.
- Stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggja til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar.
- Følgja med på kommunikasjonen og språket til barna og fanga opp og støtta barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språklege aktive eller har sein språkutvikling.

*Kvinnherad kommune sine verdiar er: respekt – omsorg – tydeleg – ansvar*

Arbeidet skal vera basert på nasjonale- og kommunale styringsdokument/vedtak/forskrift/rutine, og vera forankra i relevant teori og forskingsinformert kunnskap.

## § 41 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid - for å fremja eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø

Tiltak er retta mot risikogrupper og/eller risikosituasjonar. Alle tilsette skal aktivt arbeida for å identifisera sårbare barn, og for å oppdaga konfliktar, krenkingar, utestenging, mobbing, diskriminering og vold på eit tidleg tidspunkt. Det skal ikkje vera ein høg terskel for kva som blir sett på som krenkingar som barn kan utsetjast for, og som barnehagen ikkje kan godta. Omgrepet krenking skal ha ein heilsakleg vurdering, og ikkje berre det enkelte barnet si oppleving.

### Barnehagen skal:

- nytta handlingsrettleiaren for å sikra tidleg innsats, involvering og tverrfagleg samhandling
- sikra at tilsette har nok kunnskap om til dømes risiko- og beskyttelsesfaktorar
- ha system for å identifisere sårbare barn. Setja mål og tiltak for å ha ein inkluderande praksis
- involvere føresette i det førebyggjande arbeidet

## § 42 Aktivitetsplikt for alle tilsette (plikt til å sikra at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø)

Aktivitetsplikta vert løyst ut når eit barn og/eller deira føresette ikkje opplever å ha eit trygt og godt barnehagemiljø, og/eller når tilsette får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Aktivitetsplikta har desse handlingspliktene/delpliktene og krav til dokumentasjon. Delpliktene trer inn når barnet eller barna i dei ulike barnegruppene, ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

### Barnehagen skal:

- **Følgja med:** Alle som arbeider i barnehagen skal følgja med på korleis barna i barnehagen har det.
- **Gripa inn:** Alle som arbeider i barnehagen skal gripa inn når eit barn i barnehagen vert utsett for krenkande handlingar, utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakkassering. Krenkinga skal stoppast, og den vaksne skal ta tydeleg avstand frå slik åtferd. Personalelet skal bruka tid på avlæring og omlæring av slik negativ åtferd.
- **Varsle:** Ved mistanke og/eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit godt og trygt barnehagemiljø skal dei tilsette straks meld frå til styrar. Skjema for varsling skal ligga på Compilo (og Visma sikker sak når det systemet er på plass).
- **Undersøka:** ved mistanke om at eit barn ikkje har eit godt og trygt barnehagemiljø, skal saka straks undersøkast (innan ei veke). Barnehagen må nytta ulike metodar og verktøy for å få fram eit godt bilet av saka. Døme: Observasjonar, samtalar med barnet og føresette, samtalar med andre barn, samtalar med andre tilsette, mm.
- **Tiltak:** skal bli valt på grunnlag av konkret og fagleg vurdering. Det er styrar som har ansvar for å setja inn tiltak slik at barnet skal få det trygt og godt i barnehagen. Barnehagen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak:
  - a) Kva problem skal tiltaka løysa
  - b) Kva tiltak har barnehagen planlagt
  - c) Kor tid skal tiltaka gjennomførast
  - d) Kven skal utføra tiltaka
  - e) Kor tid skal tiltaka evaluerast

Tiltaka skal vurderast ut frå barnet og dei føresette si forståing av saka, og må ta utgangspunkt i barnet sitt beste, jf. barnehagelova § 3.

- **Dokumentasjon:** barnehagen skal ha eit to-delt dokumentasjonskrav; 1) det skal vera ein skriftleg plan når det vert sett inn tiltak i ei sak, og 2) barnehagen skal ha ein overordna dokumentasjon for kva dei gjer for å oppfylla aktivitetsplikta.

Det er utarbeida felles malar for dokumentasjonskravet, og rutinar for korleis saker skal arkiverast. Malane ligg på Compilo, Elements (og etter kvart i Visma - sikker sak).

10

#### Mistanke om brot på det psykososiale miljøet blir ofte oppdaga gjennom:

- Ei mistenkeleg hending
- Eigne observasjonar
- Varsling frå barnet/føresette/andre barn
- Endring i åtferd til barn

#### Kva kjenneteikner god praksis for å førebyggja, oppdaga og handtere negativ åtferd:

- Vaksne som kjenner til ulike former for krenkande handlingar som utestenging, mobbing, diskriminering, trakassering, vold.
- Vaksne som er tett på barna i leik og aktivitet, og som er til stade der barna er.
- Vaksne som bruker god tid på rettleiing, avlæring og omlæring av negativ åtferd, jf. SIP-modellen frå «vera saman»-teori.
- Vaksne som har god handlingskompetanse på tema aggressjon og mobbeåtferd, identifiserer negativ åtferd, samtidig som personalet førebyggjer og set inn tiltak mot negativ åtferd.

#### Barnehagen skal:

- ha rutinar for aktivitetsplikta
- ha flytskjema for ulike handlingar – korleis følgja med – gripa inn – undersøke - varsle – setja inn tiltak – dokumentere.
- Sikra at tilsette har kunnskap, handlingskompetanse og felles forståing og praksis for dei ulike delpliktene i aktivitetsplikta
- Kunnskap om korleis møta/involvere og ha samtalar med barn som blir krenka
- Kunnskap om korleis møta/involvere barn som krenker/mobbar/stenger ute, og så vidare, andre barn
- Kunnskap og gode haldningar om korleis involvere føresette.
- Ha kunnskap om barnegrupper som sosiale system
- Ha rutinar og årshjul for at opplæring vert gitt jamleg til alle tilsette, ny-tilsette og vikarar, og dokumentere opplæringa
- Visma veilederen er eit verktøy som kan nyttast til punktet ovanfor.  
<https://www.veilederen.no/Veilederen/Barnehage/Opplaring/e-laring/hva-er-et-trygt-og-godt-barnehagemiljo/>

## Utøvande tiltak/handlingsplanar for å stoppa og snu negative handlingar og miljø

Nokre saker knytt til barn sitt barnehagemiljø kan vera utfordrande, komplekse og av meir alvorleg art. Det kan vera vanskeleg for barnehagen å løysa denne typen saker, og det kan vera naudsynt å søka hjelp og rettleiing frå andre instansar.

Visjonen for tilsette i Kvinnherad er *saman om utvikling og gode tenester*. Tverrfagleg innsats og samhandling kan bidra positivt til ei løysing. Naturlege samhandlingspartar kan vera PPT, helsejukepleiarar, barnevern, BUP, m.fl.

Foreldre må samtykke til at barnehagen får dele saka med andre instansar  
I dette arbeidet kan stafettlogg vera eit nyttig verktøy.

**Barnehagen skal:**

- Setja inn tiltak på individ, -gruppe, - og systemnivå
- Sikra at tilsette har kunnskap og handlingskompetanse og felles forståing om til dømes
  - Reguleringsvanskar
  - Kva er mindre og meir alvorlege problemåtferd
  - Korleis avlære og omlære negativ åtferd
  - Korleis fremja og forsterka positiv åtferd og sosial kompetanse
- Utarbeida handlingsplan med tiltak for barn med til dømes reguleringsvanskar i samarbeid med heimen
- Dei barnehagane som har interne og eksterne ressursteam ( Tett på-prosjektet) skal ha rutinar for korleis dei nyttar teama i system og individsaker.

## § 43 Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn

Alle tilsette har plikt til å varsle styrar dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein kollega utset eit barn for krenkingar. Krenkande åtferd kan vera utesenging, mobbing, vold, diskriminering, trakkassering. Styrar skal straks melda frå til barnehageeigar.

Dersom ein tilsett får mistanke om at styrar i barnehagen krenker eit barn, skal tilsette straks melda frå til barnehageeigar direkte.

**Barnehagen skal:**

- Undersøka saka og eventuelt setja inn tiltak (oppretta eiga personalsak for den tilsette)
- Varsla sektorleiinga, jf. § 43
- Ha ein låg terskel for å melda ifrå.
- Informere nyttilsette, vikarar og føresette om varslingsplikta.
- Styrar raskt setja inn sakshandsaming, følgja opp og slutføra alle meldingar.

## Oppsummering:

### Mobbing og krenkande åtferd mot barn

**Barnehagen skal ivareta det enkelte barn sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø, og har aktivitetsplikt ved mobbing, vold eller krenkande åtferd.**

### MOBBING OG KRENKANDE ÅTFERD

Mobbing er når eit enkeltbarn systematisk over tid fornedras av eit anna barn eller ei barnehagruppe og makttilhøvet mellom partane er skeivt. Maktmiddel som blir brukt kan vera til dømes slag, spark, erting, utestenging eller ignorering. Tilsette skal vera merksame dersom:"

- Barnet ofte blir utsatt for sårande kommentarar
- Barnet blir dominert over tid av andre barn
- Barnet har sår eller skrammes som ikkje kan forklaras
- Barnet blir holdt utanfor i gruppeleiken
- Barnet verkar redd og usikker og vil helst halda seg til dei vaksne i barnehagen
- Barnet har ikkje lyst å gå i barnehagen

### FØREBYGGJANDE

Barnehagen jobbar systematisk og aktivt for å utvikla sosial kompetanse og for å hindra utestenging eller mobbing. Det skal skapast eit trygt miljø for alle barna i barnehagen med vakne, «pålogga» og autoritative tilsette.

- Tilsette skal gå aktivt inn i situasjonar med frileik der det blir oppdaga uheldige maktmønstre. Det skal inspireras til variasjon og nye impulsar i høve leiketema, roller, mm. Den vaksne skal ha ei rettleiande rolle i leiken. Negativ åtferd skal av- og omlærast av tilsette som er autoritative vaksne.
- Tilsette skal ikkje snakka negativt om enkeltbarn til andre barn eller tilsette.
- Det skal vera naturleg å ha samtalar med barna i små grupper om korleis dei har det i barnehagen.
- Føresette og barnehage skal samarbeide om korleis utestenging og mobbing kan hindras. Temaet er aktuelt i foreldresamtalar om enkeltbarn, og på foreldremøte som gruppodynamikkar og generelt tema.
- Alle tilsette har eit ansvar for å førebyggja og slå ned på mobbing. (nulltoleranse)

### AKTIVITETSPLIKTA

Alle som arbeider i barnehagen skal følga med på om barna har eit trygt og godt barnehagemiljø, og har aktivitetsplikt ved krenkingar som mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

- Krenkingar skal stoppas straks
- Hendinga skal meldas til styrar
- Eigar av barnehagen skal ha melding om hendinga i alvorlege tilfelle. Det gjeld til dømes dersom ein tilsett krenker eit barn.
- Hendinga skal snarast undersøkjast dersom eit barn eller føresette seier at barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

### AKTIVITETSPLAN

Det skal leggast ein individuell plan for å sikra at barnet som blir mobba eller krenka igjen får eit trygt og godt barnehagemiljø. Planen inneholder:

- Skildring av kva problem som skal løysast
- Kav tiltak barnehagen har planlagt og kor tid dei skal gjennomføras
- Kven som er ansvarleg for tiltaka
- Når tiltaka skal evaluerast

# Felles materiale og dokument for Kvinnherad kommune sine barnehagar

For å sikra lik praksis i barnehagane, er det med heimel i kommunelova § 25 – 1 og barnehagelova § 9 utarbeida nokre felles rutinar, retningsliner og forventningar. Desse er å finna på kommunen sitt kvalitetssystem – Compilo.

- Plan for overgang. Klar til skulestart.
- Plan for overgang mellom avdelingar i barnehagen
- Kvalitetsplan
- Kjenneteikn på barnehagar med godt psykososialt barnehagemiljø
- Serviceerklæring
- Aktivitetsplikta
  - Sjekkliste for arbeidet med dei ulike delpliktene
  - Informasjonsfaldar til føresette – info om § 41, 42, 43.
  - Malar: observasjonslogg - varslingsskjema – tiltaksplan/aktivitetsplan – arkiv-rutine – referat frå møte som omhandlar krenkande åtferd i barnehagen.



## Barnehagen sine rutinar for førebygging av mobbing

Oppgåve	Tidspunkt	Ansvar
1 Barnehagen gjennomgår kommunen sin overordna plan og drøftar og dokumenterer barnehagen sitt syn på: (ha gjerne IGP-oppgåver på dette) <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva er eit godt og trygt psykososialt miljø</li> <li>- Kva er krenkande åtferd</li> <li>- Kor tid er terskelen for å gripa inn</li> <li>- Kor tid skal leiinga varslast</li> <li>- Andre tema</li> </ul>	Ved barnehagestart	Styrar Lagar plan for implementering
2 Barnehagen lagar sin eigen plan for psykososialt barnehagemiljø. Plan skal leggast på Compilo		Styrar Lagar plan for implementering
3 Barnehagen vurderer det psykososiale miljøet og kartlegg/observerer om det er barn som er særsiktig sårbar. Vurderer informasjon frå føresette etter foreldresamtalar gjennom året Set inn førebyggande tiltak	Kvar haust, og elles gjennom heile året	Ped.leiar med personalet på avdeling
4 Opplæring og informasjon til alle nytilsette og vikarar	Ved tilsetting	Styrar
5 Barn og føresette informerast om planen	Kvar haust	Ped.leiar
6 Barnehagen sin plan og tiltak for førebyggande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrer barnehagekvardagen	Gjennom heile året	Styrar/ped.leiar/alle
7 Barnehagen evaluerer det førebyggande og haldningsskapande arbeidet kvart år. Evaluering og revidering av planen på personalmøte og i samarbeidsutvalet	Kvar vår	styrar

## Tiltak ved krenkande åtferd

	Oppgåve	Ansvar	Forslag til dokumentasjon
1	Krenkande åtferd er observert eller informert om av barn, tilsette eller føresette	Den som har observert åtferda, eller den som har tatt imot informasjon om åtferda	Notat om krenkande handling
2	Undersøkingar og observasjon blir sett i gong straks dersom det kjem fram at eit barn ikkje har det bra	Styrar og ped.leiar	Observasjonslogg
3	Samtalar med barnet som opplever seg krenka for å skaffa informasjon og gi støtte. Barnehagen skal sikra at barnet si subjektive kjensle og oppleving kjem fram	Styrar/ped.leiar	Referat
4	Samtalar med føresette til barnet som opplever seg krenka. Barnehagen har ansvar for å legga til rette for eit godt samarbeid når det gjeld kva tiltak som skal/bør gjerast.	Styrar/ped.leiar	Referat
5	Samtale med barnet/barna som krenker andre. Er det fleire barn, snakkar me med eit barn om gangen. Hensikten med samtalen er at å gi beskjed om at slik åtferd er uakseptabelt og må stoppast straks. Gjer avtale om oppfølging. Arbeid med av- og omlæring av negativ åtferd. Autoritativ vaksenmodell	Styrar/ped.leiar	Referat
6	Samtale med føresette til barn som krenker andre barn. Barnehagen har ansvar for å legga til rette for eit godt samarbeid når det gjeld kva tiltak som skal/bør gjerast.	Styrar/ped.leiar	Referat
7	Tiltaksplan skal utarbeidast. På bakgrunn av undersøkingar, observasjonar og informasjonar skal tiltaksplan lagast og bli presentert for føresette. Øvrige personale skal informerast om tiltaka.	Styrar/ped.leiar Plan skal utførast av alle tilsette	Tiltaksplan
8	Oppfølging. Den krenkande åtferda følges inntil den opphører heilt. Alle involverte barn skal følgas opp	Styrar/ped.leiar	Observasjonslogg/referat
9	Vurderingsmøte for personalet etter 1 – 2 veker. Fungerer tiltaka? Vidareføring av tiltaka? Nye tiltak?	Styrar/ped.leiar	Referat
10	Ny informasjon/samtale med føresette om korleis saka ligg an. Nær dialog med føresette skal skje kontinuerleg til saka er løyst.		

## Notat – krenkande åtferd i barnehagen

16

<b>Barnehage:</b>	
<b>Namn på barn:</b>	
<b>Fødselsdato:</b>	
<b>Avdeling:</b>	
<b>Bekymring meldes til:</b>	
<b>Bekymring meldes av:</b>	
<b>Dato for melding:</b>	
<b>Kva dreier bekymringa seg om:</b>  (stengt ute frå leik/aktivitet, blir ikkje akseptert, får negative kommentarar, blir dominert, undertrykka, trua, slått, skubba, hersa med, håna, latterliggjort, manipulert eller anna:	
<b>Korleis vart bekymringa oppdagat:</b>	
<b>Annan faktainformasjon:</b>	

## Observasjonslogg

17

Kva har eg sett/høyrt	Kven gjeld det	Kor tid	Signatur

## § 42 Aktivitetsplikt – skriftleg plan med tiltak i sak:

Barnehagen skal **dokumentera skriftleg** i ein aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ei sak. Styrar har ansvar for at dette blir gjort.

Planen skal innehalda kva tiltak som blir satt inn for å sikre barnet eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Lenke til Udir – [Barnehagemiljø](#)

Barn	Barnehage	Avdeling	Dato:

### Kva situasjon/problem skal løysast?

.....har rett på eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som for eksempel diskriminering og trakkassering. XXX barnehage har XXXX.21 fått melding/varsle frå.....funne ut ved hjelp av.....at X barnehagen fordi.....(

### Barnet/føresette sin uttale. Kva meiner barnet?

Kva fortel/uttalar/tenkjer barnet? Har barnet /føresette synspunkt på tiltak som bør settast inn? Kven høyrdde barnet? Kven

### Undersøking av saka - § 42 – Aktivitetsplikta – følgje med, melde i frå, undersøkje, setje inn tiltak- Lenke Udir

§ 43 – Skjerpa aktivitetsplikt – dersom ein som arbeider i barnehagen utsett eller har utsatt eit eller fleire barn for krenkelse

NB! Undersøking er ikkje tiltak

Kva undersøkinga (må ofte vera fleire) er gjennomført for denne saka

- Kva «såg» barnehagen etter?
- Kva «såg» barnehagen? Kva «såg» de ikkje?
- Kor ofte?

Kva problem skal tiltaka løysast?

### Hovudmål

(barnets namn....)Skal oppleva å ha eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnets beste skal vera eit grunnleggande omsyn i barnehagen si vurdering av tiltak

### Tiltak på individ – gruppe – og systemnivå

#### Oversikt over planlagde tiltak, gjennomføring, ansvar og evaluering

Med bakgrunn i resultata frå undersøkingar som er gjennomført, barnet/føresette sin uttale og barnehagen si vurdering av tiltaka barnehagen har ansvar for. Tiltaka skal veljas på grunnlag av konkret og fagleg vurdering.

Nr	Tiltak	Ansvarleg for at tiltaket blir gjennomført ved barnehagen	Gjennomføring	Evaluering
			Frå:	Dato:

Individ:

Delmål	1.	Ver konkret			
	1.				
	2.				

Delmål

1.				
1.				
2.				

Avdeling/Gruppe:

Delmål	1.			
1.				

2.						
<b>Delmål</b>						
1.						
2.						
<b>System:</b>						
<b>delmål:</b>						
1.						
2.						
<b>Delmål</b>						
1.						
2.						

(Kvar sak vil ha ulikt tal tiltak, tiltaka kan vera på individ-, gruppe- og systemnivå)

#### Evaluering – barnet/føresette skal delta i evaluering av tiltaka

Status i saka?

Kva tiltak har fungert?

Nye tiltak?

#### Oppsummering frå samtale-ar/møte med barnet/føresette

Dato:

Til stades:

Bakgrunn:

Barnet/føresette si oppleving av situasjonen no:

Avtale/tiltak:

Ny samtale/møte:

#### Barnehagen si vurdering av saka/situasjonen – kva er til det beste for barnet?

Dokumenter korleis barnehagen har vurdert kva som er til det beste for barnet.

#### Anna dokumentasjon som er relevant for saka

#### Lukking av saka

Bakgrunn for lukking av sak:

Dato:

Til stades:

Stad:

Dato:

Underskrift:

Kopi til:

## Referat frå møte som gjeld krenkande åtferd i barnehagen

20

Skjema skal oppbevarast i barnemappa, og føresette får kopi

Møtedato: \_\_\_\_\_

Til stades på møtet: \_\_\_\_\_

Kva saka gjeld:	Tiltak	Ansvar

Dato for neste oppfølgingsmøte: \_\_\_\_\_

Underskrift tilsett:

---

---

Underskrift føresette:

---

---

# Ressursside:

---

Litteratur for vaksne:

Internettssider:

Lovverket:

[Barnehagelova kap 8, Psykososialt barnehagemiljø](#)

[Barnehagelova § 3. Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste](#)

[Barnehagelova § 1 Formål](#)

[Rammeplanen for barnehagen. Barnehagen skal fremma vennskap og fellesskap](#)

[Barnehagelova § 2 Barnehagens innhold](#)

[Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular § 12](#)

[Psykososiale forhold](#)

Rammeplanen - <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

Udir - <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/barnehagemiljo/>

Visma veilederen: <https://www.visma.no/veilederen/barnehage/>

Dialogmodellen: <https://dialogmodellen.no/>

St.mld 6: [St.mld 6](#)

**Nyttig informasjon:**

[Barns trivsel - voksnas ansvar \(UDIR\)](#)

[Veileder til forskrift om miljøretta helsevern § 12 Psykososiale forhold](#)

[Mobbing i barnehagen - veiledningshefte](#)

[Mobbing i barnehagen \(FUB\)](#)

**Bøker:**

*Utvikling, lek og læring i barnehagen – forskning og praksis.* Glaser, Størksen og Drugli, 2016

*Mobbing i barnehage og skole – nye perspektiver.* Ingrid Lund og Anne Helgeland,

*Mathias er alene.* Ingrid Lund, 2014

*Tydelige vaksne – når atferd utfordrer.* Ingrid Lund, 2012

*Være sammen-programmet.*

*Psykisk helse i barnehagen, forstå hvordan det er inni meg når jeg er ute av meg!.* Nadina Peters og Anita Juveli. 2020

*Mobbeatferd i barnehagen.* Pål Roland. 2017

*Den autoritative voksenrollen i barnehage og skole..* Pål Roland, 2021.

**Bøker for barn:**

*Kunsten å møte en bjørn.* Camilla Otterlei og Jill Moursund, 2015

*Rett eller galt.* Birte Svatan 2018

*Tramp og Line-bøkene.* Axel Scheffler

*Karsten og Petra-bøkene.* Tor Åge Bringsværd og Anne Holt.

*Albert Åberg-bøkene.* Gunilla Bergstrøm

*Rikki-bøkene.* Guido van Genechten

*Pulverheksa-bøkene.* Ingunn Aamodt

*Jakob og neikob-bøkene.* Kari Stai

*Ti små vennebøker/Venner – 10 bøker for dei minste.* Linda Palm og Lisa Sollenberg